

Mot soleglad

Tekst: Arne Garborg / Melodi: Olav Sande

Arr.: Ingunn Seland

Em C Em Am H

Det stig av hav eit al - ve-land med tind og mo, det

5 Am G F# H

kvi - ler klårt mot him - mel rand i kvelds - bå ro, det

9 Em Am H7 Em

kvi - ler klårt mot him - melrand i kvelds - blå ro.

Eg såg det tidt som sveipt i eim bak havdis grå
det er ein huld, ein heilag heim, me ei kan nå.

Ho søv, den fine tinderad i draumbann,
men så ei stund ved soleglad ho kjem i brann.

Når dagen sig som eld og blod i blåe myr,
det logar opp med glim og glo og eventyr.

Det brenn i bre og skjelv og skin med gullanbragd,
og lufti glør i glans av vin, sølv og smaragd.

Men av han døyr, den bleike brann, som slokna glo,
og klårt som før ligg alveland i kveldblå ro.

Eg lengta tidt på trøytt veg der ut til fred,
men landet fyrst kan syne seg når sol gjeng ned.